



Vågsbotn Sør Skogsveg  
Morvikbotn 170C  
5122 MORVIK

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/10020 - 23/58383

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
12.07.2023

## Kommunale tankar kring drift av laget Vågsbotnen Sør Skogsveg

Alver kommune er i møte 03.07.23 gjort kjent med drift og vedlikehald av Vågsbotnen Sør Skogsveg. Vi er òg kjent med at det er noko usemje interessentane i mellom i høve drifta/vedlikehaldet.

Kommunen kan ikkje ta stilling til privatrettslege spørsmål, men vi vil på generelt grunnlag peike på fylgjande.

Så lenge det er eit veglag, er det naturleg at fleirtalsvedtak gjort på årsmøte er styrande for laget. Skal drift og vedlikehald endrast, er det naturleg at årsmøtet gjer desse endringane.

Det er òg naturleg at eventuell oppløysing av veglaget, slik vi har fått spørsmål om tidlegare, vert tufta på vedtak i eit årsmøte.

Kva eit årsmøte vedtek, skal ikkje kommunen ha meiningar om. Men sett frå kommunen si side og frå statleg hald, er det viktig og sjølv sagt at interessentar tek ansvar for vedlikehald av vegar. I dykkar tilfelle der det er eit veglag, er det naturleg at alle interessentar lojalt fylgjer opp årsmøtevedtak. Dette er særleg viktig i dei tilfelle der det har vore gjeve statleg tilskot til vegar. Både Statsforvaltar og kommune kan (og skal) føre kontroll med om vedlikehald av skogsvegar som har teke i mot tilskot, er tilfredsstillande.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Vågsbotn Sør Skogsveg

Morvikbotn 170C

5122 MORVIK